

4. Merknadene til Olje- og energidepartementet:

Bakgrunn

Søknaden frå SKS Produksjon gjeld løyve til regulering av 6 vatn og tilhøyrande overføring etter vassdragsreguleringslova, bygging og drift av kraftverka etter vassressurslova og konsesjon for erverv av fallrettar for utbygging av Smibelg kraftverk og Storåvatn kraftverk. Vassdraga som er omfatta av søknaden ligg i Rødøy og Lurøy kommunar i Nordland.

Søknaden

Søknaden frå 2002 er i stor grad endra gjennom planendringssøknaden frå 2005. Endringane har hatt som mål å redusere utbyggingskostnadene samt å betre omsynet til reindrift, miljø og kulturminne. Planendringane har vore til ny handsaming i Samla plan. NVE i samråd med Direktoratet for naturforvaltning ga unntak frå Samla plan, jf. NVE sitt brev til SKS Produksjon dagsett 16. mars 2004.

Endringane medfører at installert effekt i Smibelg kraftverk kan aukast frå 20 til 30 MW, og i Storåvatn kraftverk frå 18 til 26 MW. Auken medfører at brukstida for kraftverka går noko ned. Reguleringsevna aukar noko. Dette gjer produksjonen meir fleksibel.

Smibelg

Fallet mellom Smibelgvatn og fjorden vert utnytta i Smibelg kraftverk i fjell like innafor Vassvika ved fjorden Gjervalen. Kraftverket vil nytte avlaupet frå Storåga, Tverråga, Vassvikelva og Mangåga. Smibelgvatn vert regulert med 36 meter senking og 6 meter heving, Nedre (N.) Kvannskardvatn vert regulert med 2 meter senking og Vakkerjordvatn vert regulert med 1 meter senking. Smibelgvatn vert inntaksmagasin for kraftverket.

Storåvatn

Storåvatn kraftverk i fjell om lag 1 km frå fjordbotnen vil nytte fallet vekselvis mellom inntaksmagasinet Storåvatnet og inntaksmagasinet vestre Sandvikvatn til Gjervalen. Kraftverket vil nytte avlaupet frå Oldervikselva, Hyttelva, Sleåga, Sandvikelva og Komageåga. Storåvatn vert regulert med 24 meter senking, Vestre Sandvikvatn vert regulert med 23 meter senking og Østre Sandvikvatn vert regulert med 33 meter senking og 6,7 meter heving.

Søknaden om løyve etter vassdragsreguleringslova gjeld dei reguleringar og overføringar som vert nytta i dei to kraftverka omtala ovanfor.

Subsidiært søker SKS Produksjon om ei utbygging utan overføring av Hundåga tilhøyrande Gjervalvassdraget som er verna i Verneplan IV for vassdrag.

Etter industrikonsesjonslova er det søkt om erverv av fallrettane til Tverråga/Sørfjordelva frå Smibelgvatnet til havet, Oldervikelva frå Storåvatnet til havet og Sandvikelva frå vestre Sandvikvatn til havet.

Etter vassressurslova er det søkt om løyve til utbygging av Smibelg kraftverk og Storåvatn kraftverk etter dei framlagte planane og med mindre vesentlege endringar i den tekniske utføringa.

Etter oreigningslova er det søkt om løyve til å oreigne grunn og fallrettar som er naudsynt for å realisere prosjektet, dersom ein ikkje får i stand minnelege avtalar. Det er òg søkt om samtykke til å nytte allmannsstemming og om samtykke til førehandstiltreding.

Etter forureiningslova er det søkt om naudsynt utsleppsløyve.

Etter energilova søkast det løyve til oppføring av dei elektriske anlegga slik det er skildra og med bygging av sjøkabelsamband over Gjervalen som er naudsynt for å knytte Storåvatn kraftverk til eksisterande 132 kV-line Øresvik-Sjona. Løyve etter energilova vert handsama av NVE etter at utbyggingsløyve er gjeve.

Fordelar og ulemper

Ei utbygging vil gje fornybar elektrisitetsproduksjon med mykje regulerkraft. Leveringstryggleiken regionalt og lokalt vert dermed sikra. Det vert auka næringsaktivitet i eit næringsfattig distrikt og særleg Rødøy kommune vil få auka inntekter i form av skattar, avgifter og konsesjonskraft m.m.

Ei utbygging vil skape problem for reindrifta i form av forstyrring og ulempar i anleggstida som kan gje meirarbeid for reindrifta. Det kan òg ventas noko tap av beiteland og hindringar i driv- og trekkleier mellom anna som følgje av usikker is på dei regulerte vatna.

I tillegg vil ei utbygging medføre naturinngrep særleg i samband med reguleringane og redusert vassføring i vassdraga. Ei utbygging vil redusere urørt fjordlandskap med om lag 71 km². Kategorien villmarksområde som er meir enn 5 kilometer frå tyngre tekniske inngrep vert ikkje redusert.

Redusert vassføring

Tiltaka vil gje stor endring i vassføringa i dei vassdraga som inngår i prosjekta. Rett nedstraums bekkeinntak og dammar vil vassdraga verte tørrlagde. Restvassføring ved fjorden varierar frå 0 til 85 prosent. Det er lagt opp til minstevassføring i eit vassdrag. I eit anna vert det tilrådd å ta ut tre bekkar av prosjektet for å sikre vassføring.

Landskap og friluftsliv

Utbyggingane vil samla gje ein reduksjon av det urørte inntrykket i området. Påverkinga av landskapet vil skje ved reguleringar og reduserte vassføringar. Massetippar og vegar vil òg i nokon grad påverke landskapet. Dei fleste magasina vert berre regulert ved senking. Det vert difor avgrensa neddemming av areal. Senkinga vil gje tørrlagde strandsonar og oppsprukken is om vinteren.

NVE si innstilling

NVE meiner at hovudproblemstillinga i denne saka er om SKS Produksjon skal få gjennomføre ei utbygging som er avklart gjennom Samla Plan, om grunneigarane sjølve skal få bygge ut falla i form av mange småkraftverk, eller om området fortsatt skal vere urørt av vasskraftutbygging.

NVE legg avgjerande vekt på storleiken på produksjonen og kvaliteten på krafta. Høg kvalitet i form av regulerkraft er viktig fordi mykje av den nye krafttilgangen vil vere uregulert vindkraft og småkraftverk. SKS Produksjon sitt prosjekt vil gje meir produksjon enn 11 små kraftverk, og dette vil vere regulerbar kraftproduksjon. Ved det større prosjektet vil inngrepa i naturen vere mindre enn ved mange små kraftverk. NVE har i si innstilling gjort fleire endringar av den justerte konsesjonssøknaden frå mai 2005. I parentes er det oppgjeve kor stort produksjonstapa blir som følge av endringane:

- Bekkeinntaket frå øvre Hundåga går ut av di det ligg i nedbørsfeltet til Gjervalvassdraget som er verna i Verneplan IV for vassdrag(3 GWh).
- Ingen oppdemming (heving) av Smibelgvatn. Dette vil redusere naturinngrepa i området vesentleg (1,7 GWh).
- Inntak av tre bekkar nedstraums Smibelgvatn tas ikkje med. Dette sikrar minstevassføring i Forsåga frå Smibelgvatn til Svartevatn (7,5 GWh).
- Minstevassføring vert pålagt frå Nedre Kvannskardvatn med 100 liter pr. sekund i perioden 15. juni til 15. september av landskapsmessige årsaker, og for best mogleg å sikre biologisk produksjon og naturmiljøet. I tillegg kan regulering berre skje i den øvste meteren i denne perioden (1,3 GWh).

NVE si innstilling inneber at prosjektet vert redusert med om lag 14 GWh frå om lag 216 GWh årleg til om lag 202 GWh årleg.

Med dei avbøtande tiltaka som er foreslått, og med gode tekniske og landskapsmessige utformingar, meiner NVE at området framleis vi halde på mange av kvalitetane. NVE viser òg til at naturtypen og landskapskvaliteten i utbyggingsområdet kan opplevast i til dømes det nærliggande Melfjordområdet som er utan kraftutbygging.

Saman med dei føreslåtte justeringane og dei avbøtande tiltaka meiner NVE at fordelane og nytten av å gjennomføre utbygginga er større enn dei skader og ulemper for allmenne og private interesser utbygginga inneber, og at føresetnaden i § 8 i vassdragsreguleringslova såleis er oppfylt.

Uttaler til NVE si innstilling

Reindriftsforvaltninga Nordland synar til at Hestmannen/Strandtindene reinbeitedistrikt har vanskelege oppsplitta beitetilhøve og lite barmarksbeite. Det må tas omsyn til reindrifta ved planlegginga og drifta av kraftverka, mellom anna bør vegane stengast.

Sametinget synar til omsynet til samiske kulturminne og har inga andre merknader til innstillinga.

Rødøy kommune støttar NVE si innstilling.

Hestmannen/Strandtindene reinbeitedistrikt meiner det ikkje bør gis konsesjon til utbyggingane. I alle høve må det gjennomførast vurderingar av dei totale inngrepa med omsyn til reindrifta i området, og tiltaka må vurderast mot urfolksvernet til reindrifta.

Fleire grunneigarar er i mot utbyggingane og meiner det heller bør leggst til rette for små vasskraftutbyggingar.

Ein grunneigar i Lurøy peikar på at det er planar om småkraftutbygging nedstraums Kvannskardvatn. Han meiner perioden for minstevassføringa og reguleringsavgrensinga i Kvannskardvatn må utvidast.

SKS Produksjon AS ber om at departementet vurderar dei endringane med omsyn til konsesjonssøknaden NVE har innstilt på. SKS syner til at endringane gjer eit produksjonstap på om lag 15-20 GWh/år.

Departementet si vurdering

Sakshandsaming

Det har kome krav om at utbyggingssaka må føreleggast Stortinget ettersom det samla kraftgrunnlaget er over 20 000 naturhestekrefter, jf. vassdragsreguleringslova § 2 andre ledd. Departementet peikar på at sjølv om dei to prosjekta handsamast samla, er dei som kraftutbyggingar uavhengige av einannan og må i spørsmålet om stortingshandsaming etter vassdragsreguleringslova vurderast individuelt. Det er klårt at kvar av prosjekta er under 20 000 naturhestekrefter slik det går fram av innstillinga frå NVE. Departementet finn heller ikkje andre omsyn som tilseier at saka må føreleggast Stortinget.

Utbyggingsløysning

Smibelg

NVE har innstilt på ei løysing der N. Kvannskardvatn og Smibelgvatn er alternative inntaksmagasin og vatnet frå N. Kvannskard ikkje kan lagrast i Smibelg. SKS har i merknadar til innstillinga bedt om at det opnast for å lagre vatn frå N. Kvannskardvatn i Smibelgvatn ved pumping, slik det er søkt om i ein av dei alternative utbyggingsløysningane. SKS meiner det kan være økonomisk lønsamt med eit slikt pumpeanlegg òg med dei føresetnadene NVE si innstilling sett, men at dette er noko usikkert, og at berekningar i samband med detaljplanlegging av anlegget derfor må til.

Departementet finn at det ikkje er monalege forskjellar på allmenne omsyn mellom ei utbyggingsløyising med eller utan pumping til Smibelgvatn. Pumping kan gje noko mindre overlaup med flomtap ut av N. Kvannskardvatn og noko større fyllingsgrad i Smibelgvatn med noko større fleksibilitet for regulant, medan forskjell i miljøverknad synes ubetydeleg. Departementet finn difor at det kan gjevast konsesjon til pumpestasjon som omsøkt i alternativ løyising. Departementet presiserar at ein konsesjon til pumpestasjon inneber at SKS ikkje står fritt til å vurdere om dette skal byggjast. Skulle regulanten seinare kome til at pumping likevel ikkje er ønskeleg, må han i så fall søka om planendring for ei slik løyising. Ein slik planendringssøknad kan normalt handsamast parallelt med planlegging og bygging av anlegget, og behøver difor ikkje innebere tap av tid. Departementet finn at mindre endringar av teknisk løyising, slik som til dømes fråfall av pumping til Smibelgvatn, er noko departementet sjølv kan avgjere i etterkant.

Kva gjelder dei andre tekniske løyisingane for Smibelg og Storåvatn kraftverk synar departementet til NVE si innstilling og sluttar seg til denne.

Reindrift

Rettsleg utgangspunkt

Omsynet til reindrift og samisk kultur har eit særskilt rettsvern, og må prinsipielt sett vurderast med to forskjellige utgangspunkt. For det fyrste inngår desse omsyna i den generelle vurderinga av fordeler og ulemper som følgjar av vassdragsreguleringslova § 8 om det kan vert gjeve løyve til utbygging. For det andre er reindrift spesielt og samisk kultur generelt beskytta av einskilde absolutte rammer for kva omfang av inngrep som styresmaktene kan samtykke i, og det er særskilte krav til sakshandsaminga ved saker som rør ved samiske område. I den konkrete konsesjonshandsaminga vil dei to prinsipielle utgangspunkta sjølvsagt langt på veg verte vurdert i samanheng. At ein kjem nær grensa for dei materielle skrankane for kva inngrep som styresmaktene kan godta, vil bety mykje for kva vekt omsynet til reindriften skal ha i konsesjonsavveinga.

Dei absolutte rammene for kva inngrep som styresmaktene kan godta, følgjer av eit sett av både nasjonale og internasjonale føresegner. Det kan òg skiljast mellom prosessuelle og materielle føresegner.

Ein konkret materiell skranke er reindriftslova. Paragraf 22 i denne lova har eit forbod mot stenging av flyttlei. Ein meir diffus skranke følgjer av Grunnloven § 110 a), men det er rekna med at føreseigna set rammer for i kor stor grad styresmaktene kan godta inngrep som øydelegg eller er eit trugsmål mot naturgrunnlaget for samisk kultur. Grunnloven § 110 a) vil ha sin viktigaste funksjon som tolkingsføresegn for andre lover og forskrifter.

ILO-konvensjonen fastset prosessuelle føresegner ved handsaming av saker som rør ved samiske områder. Dette gjeld særleg krava til konsultasjon og deltaking i

sakshandsaminga. Det er òg antatt at kravet til utreiing, jf. forvaltningslova § 17, er skjerpa i saker som rør ved samiske område.

Både Sametinget og reinbeitedistriktet har fått saka på høyring og har kome med høyringsfråsegn. Det har i tillegg vore møter med reinbeitedistriktet. Departementet har òg teke opp spørsmålet om konsultasjon med Sametinget og reinbeitedistriktet. Elles er reindrift eit eige tema for utreiing i konsekvensutgreiinga. Dette spørsmålet er drøfta særskilt både av NVE og av departementet. Departementet finn at utgreiingsplikta både etter forvaltningsretten og etter særlege urfolksføresegner er oppfylt.

I tillegg til dei nemnde materielle skrankane i nasjonal rett set *FN konvensjonen om sivile og politiske rettigheter* artikkel 27 og ILO-konvensjonen art. 14 og 15 folkerettslege rammer for kva inngrep i eit samiske område som styresmaktene kan godta. Eit viktig spørsmål er om inngrepet er av ein slik karakter at det gjer det umogeleg å halde oppe reindriften i området.

Departementet kan ikkje sjå at utbyggingane inneber at dei samiske rettshavarane vert nekta vidare reindrift i område. Departementet ser det heller ikkje slik at utbygginga på anna vis er i strid med nasjonale eller internasjonale føresegner for vern av samisk kultur.

Sakshandsaminga

Hestmannen/Strandtindende reinbeitedistrikt og Reindriftsforvaltninga i Nordland har opplyst at dei ikkje har fått uttale seg til planendringssøknaden frå SKS Produksjon frå 2005 før NVE kom med si innstilling sommaren 2007. Departementet ga reinbeitedistriktet og reindriftsforvaltninga utvida høve til å kommentere planendringssøknaden og innstillinga frå NVE hausten 2007. Merknadene blei sendt over til NVE, som kommenterte desse i brev til departementet dagsett 10. mars 2008. NVE la til grunn at verknadene som reindriftsinteressene viste til i sine uttaler ikkje var monaleg forskjellige frå dei verknadene som NVE tok utgangspunkt i da innstillinga vart skriven.

NVE viser til at reinbeitedistriktet har fremja krav om ein analyse av dei samla inngrepa i reinbeitedistriktet og tilhøvet til minoritetsvernet i folkeretten. Sakshandsaminga blir mangelfull utan ei konsekvensutgreiing av dei samla inngrepa. Ei utbygging kan vere i strid med reinbeitedistriktet sitt vern etter folkeretten.

Det er fleire vasskraftverk og vindkraftverk under planlegging i området. På denne bakgrunn tilrår NVE at SKS Produksjon får ansvar for å vurdere verknadene av den samla inngrepa i reinbeitedistriktet sett opp mot Smibelg/Storåvatn-prosjektet. Landbruks- og matdepartementet sluttar seg til NVE si vurdering i brev dagsett 16. februar 2009.

SKS Produksjon v/advokat Johan Fredrik Remmen har i sin uttale til departementet dagsett 27. mai 2008 vist til at dei utgreiingar som alt har vore i saka må vera

tilstrekkelege for at departementet kan gjere ei vurdering av prosjektet. Advokat Remmen reiser òg spørsmål om NVE har gjort ei foreløpig vurdering som tilseier at det er eit reelt behov for ei slik folkerettsleg vurdering. Dei aktuelle folkerettslege føresegnene gjer ikkje grunnlag for at det kan setjast i verk ei slik folkerettsleg utgreiing basert på ein totalvurdering av eksisterande og tenkelege framtidige prosjekt.

Olje- og energidepartementet legg til grunn at det ikkje er noko krav etter folkeretten at verknadene av dei samla inngrepa i eit område må utgreiast. Departementet meiner vidare at omsynet til reindrifta er tilstrekkeleg dokumentert gjennom dei utgreiingane og uttalane som har kome. Utgreiinga om konsekvensar for reindrift i samband med søknaden om bygging av Fagervollan II og III kraftverk ligg føre for departementet. Denne utgreiinga har departementet vurdert i samband med handsaminga av Smibelg og Storåvatn kraftverk. Utgreiinga tek føre seg tilhøva i heile reinbeitedistriktet. Departementet har òg gått gjennom opplysningane i konsekvensutgreiinga for Smibelg/Storåvatn opp i mot opplysningar om reindrifta sin bruk av arealet slik det går fram av det reindriftskartet til Reindriftsforvaltninga som no gjeld.

Ved brev dagsett 1. desember 2011 til høvesvis Sametinget og Hestmannen/Strandtindene reinbeitedistrikt gjorde departementet greie for rettane til Sametinget og reinbeitedistriktet om konsultasjonar i denne utbyggingssaka. Ved e-post dagsett 7. desember 2011 uttalar reinbeitedistriktet sin advokat på vegne av reinbeitedistriktet at konsultasjon ikkje gir meining i denne saka. Sametinget uttaler i brev dagsett 5. januar 2012 at dei ikkje ser behov for konsultasjon i denne saka.

Tap av beiteland

Når det gjeld tap av beiteland synar reindriftsrapporten frå 1999 særleg til at det går tapt beiteland ved regulering av Øvre Sleåvatn og ved Storåvatnet. Øvre Sleåvatn inngår ikkje i planendringssøknaden i 2005, mens det no ikkje er planlagd heving av Storåvatn. I tillegg er heving av N. Kvannskardvatnet teke ut av planendringssøknaden. NVE har i tillegg føreslått at det ikkje skal vere noko heving av Smibelgvatn og heller ikkje anleggsveg heilt opp til vatnet.

Etter NVE si innstilling er det berre opna for ei heving av Austre Sandviksvatn med 6,7 meter. Det går fram av reindriftsrapporten frå 1999 at det ikkje er særleg mykje produktiv grønbeite som vil gå tapt ved ei heving som tidlegare var føreslått til 6-8 meter. Eit mogleg unntak for noko lavmark vert likevel gjort. Det er bratt langs storparten av vatnet, og i rapporten står det òg at det er mykje blankskurte berg heilt utan vegetasjon langs vatnet. I tillegg ligg vatnet 614 meter over havet, og vegetasjonen i ei slik høgde er avgrensa. Direkte tap av beiteland ved heving av Austre Sandviksvatn er heller ikkje peika på av reinbeitedistriktet eller reindriftsforvaltninga i deira brev frå 2007. Departementet legg til grunn at det ikkje er beiteland av nokon storleik som går tapt ved heving av Austre Sandvikvatn. Reindriftsutgreiinga for Fagervollan kraftverk peikar på at vinterbeite er den mest avgrensa faktoren for dei fleste reinbeitedistrikta i Nordland, og at dette òg gjeld for

Hestmannen/Strandtindene. Uttalar frå distriktet og reindrifftsforvaltninga tydar på at dette ikkje er rett, men i alle høve får ikkje utbygginga av Smibelg og Storåvatn kraftverk verknad for vinterbeite, slik dei går fram av reindrifftskarta til Reindrifftsforvaltninga. Storåvatnet og N. Kvannskardvatn ligg på austre grensa av det som er angitt som haustvinterbeite. Det vert ikkje direkte tap av beiteland i desse områda, jf. ovanfor.

Hindringar i driv- og trekklei for reinen

Etter NVE si innstilling er det seks vatn som er føreslått regulert, fem av desse berre ved senking. Reinbeitedistriktet og reindrifftsforvaltninga peiker på at for Strandtindene/Hestmannen reinbeitedistrikt er sumarbeite ein minimumsfaktor, i motsetnad til mange andre distrikt i Nordland. Eitkvart inngrep i desse minimumsbeita vil difor få store verknader. Det blir vist til at reguleringane kan føre til at det vert vanskelegare å nytte fleire trekkleier. Flyttingar kan da bli mykje vanskelegare enn tidlegare. Det kan igjen føre til dårleg samanheng i bruken av dei ulike beiteområda, slik at områda ikkje lenger blir tilgjengelege og såleis går tapt som beite.

Korkje reinbeitedistriktet eller reindrifftsforvaltninga har vist konkret til kva for trekkleier som vil bli råka av reguleringa. Reindrifftsrapporten frå 1999 har særleg vist til den viktige trekk- og driveia ved Øvre Sleåvatn og i Sleådalen. Regulering av Sleåvatn er teke ut ved planendringssøknaden. Etter det gjeldande framlegget er det søkt om eit bekkeinntak i øvre Sleådalen. Departementet legg til grunn at Øvre Sleåvatn og Sleådalen i mindre grad vil verte råka av kraftutbygginga. Driv- og trekkleier i dette området vil difor i mindre grad verte påverka av utbygginga.

Av reindrifftskartet som no gjeld, går det fram at det er ei trekklei i dalen nord for Hyttvatnet. Hyttvatnet er heller ikkje planlagd regulert, og departementet legg til grunn at overføringa av vatnet ikkje vil påverke trekkleia i nokon grad.

Av reindrifftsrapporten frå 1999 går det fram at regulering av Austre Sandvikvatn kan få negative verknader for dei naturlege trekkleiene til reinen. Departementet vil i den samanhengen syne til reindrifftsrapporten vedlegg 3 som er kart frå reindrifftsforvaltninga. Reindrifftsutøvarane ved distriktstyret har sjølv teikna kartmanus under rettleiing frå Norsk institutt for Jord- og Skogkartlegging. Reindrifftskartet er frå 1989, og er ei grov skisse av arealbruken til reindriffta gjennom årssyklusen for Strandtindene reinbeitedistrikt. Det er totalt seks kartblad der det på det fyrste er teikna inn anlegg og trekkleier. På dei fem andre er det teikna inn beiteområde om våren, sommaren, hausten, haust/vinter og vinter. Etter karta er ikkje Austre Sandvikvatn og Vestre Sandvikvatn omfatta av det som er skravert som beiteområde. På grunnlag av reindrifftsrapporten og dei underliggende karta legg departementet til grunn at regulering av desse vatna vil kunne få negative verknader for reindriffta, men likevel slik at dette berre i mindre grad vil kunne hindre driv- og trekkleier.

Trekkleia ved Storåvatn vil i mindre grad enn det som er skildra i reindriftsrapporten verte råka av utbygginga ettersom planendringssøknaden tok ut heving av vatnet. I tillegg vert gjennomstrauminga i Storåvatn mindre når det berre er planlagd ein inntakstunnel. Istilhøva ved Storåvatn vil da truleg verte meir stabile enn rapporten føreset, og det vil heller ikkje bli ei demning som sperrar den viktige trekkleia på nordkanten av vatnet.

Reinbeitedistriktet viser vidare til at sprekkdanning i isen på regulert vatn inneber langt større risiko for tap av rein enn ein har hatt grunn til å tru. Tap av rein ved trekk over regulerte vatn vert også framheva av reindriftsforvaltninga.

Karta frå 1989 over beiteområdar, vedlegg 3 til reindriftsrapporten, viser at områda rundt N. Kvannskardvatnet, Smibelgvatnet, Vakkerjordvatnet og Storåvatn er nytta som vår, sommar og haustbeite. Av reindriftsrapporten går det fram at senkinga av N. Kvannskardvatn med to meter neppe vil gje farlege sprekkar i isen som kan medføre tap av dyr. Tilsvarende gjeld for Vakkerjordvatn som er foreslått senka med ein meter. For Smibelgvatnet og Storåvatn vil det vere ei stor regulering som vil kunne gje farlege sprekkar i isen.

Reindriftsinteressene viser til at anleggsvegen til Smibelgvatn kan medføre problem for reindriften. Det vert vist til at ein veg vil medføre auka trafikk også om vegen er stengd med bom. Anleggsarbeida ved Smibelgvatn var i utgangspunktet føresatt utført veglaust. På grunn av den omfattande anleggsverksemda i området ved Smibelgvatn som dei nye planane omfattar er det naudsynt med veg frå Vårheim til Smibelgvatn. I NVE si innstilling er det ikkje lagt opp til dam i Smibelgvatn og NVE føreset difor at denne vegen avsluttast ved tverrslaget nedstraums Smibelgvatn og ikkje skal førast heilt opp til vatnet. Utanom anleggsperioden skal vegen berre verte nytta til inspeksjon av tunellar og luker, og mellom anna av omsyn til reindriften verte stengd for ålmenn ferdsel.

Reindriftsrapporten peikar vidare på at uheldig plassering av steinmassar ved Smibelgvatn kan sperre eller hindre driv- og trekkleier for reinen. Reindriftsrapporten peikar på at det beste beite generelt og også ved Smibelgvatn er ved utlaupsosen. I planendringssøknaden er tippa plassert i god avstand frå og nedanfor Smibelgvatn og vil i mindre grad råke dette området enn det som tidlegare var planlagt. Som omtala ovanfor vert det heller ikkje veg heilt opp til vatnet.

NVE legg generelt til grunn at plassering av tippmassar i fjellområdet er mindre problematisk. NVE viser til at planlagde tippområde for ein stor del er dominert av bart fjell og "gråstein" ikkje ulik tippmassane. Det er planlagt tipp ved Smibelgvatn og ved Vakkerjordvatn i samband med Smibelgutbygginga.

Inngrepa ved Vakkerjordvatnet vert av reindriftsforvaltninga framheva som særskild uheldige. Sametinget skriv i sitt brev dagsett 12. oktober 2007 at tippa av omsyn til kulturminnar må plasserast over bakkekanalen. Vakkerjordvatnet er eit viktig område som ein nyttar som trekkveg, og utbygginga vil vere negativ for reindriften.

Departementet peikar på at området som no vert føreslått regulert, ikkje er vinterbeite. Det inneber at reinen vil kunne få problem når den vert driven austover på våren på veg mot sommarbeite, og motsett når den vert driven vestover på hausten til vinterbeite ute langs kysten. Faren for tap av rein i sprekkar i isen er i fyrste rekke avgrensa til dei periodane vatna er senka om våren.

Departementet legg til grunn at den viktigaste trekkleia for reindrifta i Sleådalen etter planendringsframlegget i mindre grad er råka av prosjektet. Etter det departementet forstår, er det frå reindrifta ikkje peika på at sentrale trekkveger vert stengd som følgje av reguleringane.

Oppsummering for reindrifta

Departementet meiner at problema for reindrifta vil vere størst i anleggsperioden, medan reguleringane i driftsfasen gir problem for reindrifta når reinen trekk over fjellområda på veg mot vinterbeite og sumarbeite. Departementet legg til grunn at ulempene for reindrifta ikkje er i strid med folkerettslege urfolksrettar eller på anna måte er så store at dei er til hinder for å gi konsesjon. Departementet syner i den samanheng òg til at korkje Sametinget eller reibeitedistriktet har funne grunnlag for å krevje konsultasjon om saka. Departementet føreset eit nært samarbeid mellom reindrifta og utbyggjar både i fasen for detaljplanlegging av prosjektet, i anleggsperioden og i driftsperioden.

Reindrifta meiner at prosjektet vil føre til at det blir meir arbeidskrevjande å flytte rein i området. I eit område der det som følgje av topografien er få reineigarar vil det vera vanskeleg å få tak i meir arbeidskraft til å drive reinen. Departementet legg til grunn at eventuelle ekstra kostnader til å leige inn mannskap må dekkast av utbyggjar, og tilrår at det vert teke inn føresegner om dette i fellesvilkåra etter vassressurslova og vassdragsreguleringslova.

Utbygging som eit stort prosjekt eller mange små kraftverk

Departementet har vurdert om SKS Produksjon skal få konsesjon til kraftverka eller om det er meir føremålstenleg at området heilt eller delvis seinare blir bygd ut med fleire små kraftverk. Departementet har mellom anna legge vekt på verknadene for miljøet og på omsynet til best mogleg ressursutnytting.

SKS Produksjon AS sine prosjekt vil gje om lag 200 GWh i årleg produksjon, noko som er ein monaleg auke i produksjonen av fornybar kraft. Om lag 80 prosent, tilsvarende omlag 160 GWh, av dette vil vere regulerbar kraft. Til samanlikning er det forventa at ny utbygging av fornybar kraft i stor grad vil vere uregulert kraft frå vindturbinar og småkraftverk.

Departementet legg til grunn at SKS Produksjon sine prosjekt vil gje høgare produksjon og meir regulerbar kraft enn alternative småkraftverk. Prosjekta vil òg legge til rette for produksjon i toppplastperiodar.

Det er vanskeleg å samanlikne miljøverknadene av SKS Produksjon sine prosjekt og andre moglege småkraftprosjekt sidan det ikkje er klårt kva for prosjekt som da vert realisert og verknadene av utbyggingene. Departementet legg til grunn at eit stort prosjekt ofte har mindre miljøulempe enn mange små prosjekt med tilhøyrande infrastruktur som røyrgater, kraftstasjonar og nettilknytning.

Departementet vil også vise til at det etter vassressurslova § 22 skal vektleggast at eit vassdrag er avklart i Samla Plan for vassdrag og at Samla Plan skal vektleggast ved handsaming av søknad om konsesjon. Prosjekta er avklart i Samla Plan.

Rødøy kommune vil ved eit stort prosjekt få større inntekter gjennom vilkår om konsesjonsavgifter, næringsfond og konsesjonskraft enn ved mange små prosjekt. Departementet meiner at i denne saka vil to store kraftverk innebere klart fleire fordelar enn mange små prosjekt.

Verknader for naturmangfald

Kunnskapsgrunnlag

Til grunn for departementet si vurdering av tiltaket si verknad på naturmangfald ligg følgjande dokumentasjon:

- Konsesjonssøknaden frå mai 2002 og planendringssøknaden dagsett 30. mai 2005.
- Konsekvensutgreiinga med fagrapportar.
- NVE si innstilling av 5. juli 2007 med høyringsfråsegn til søknaden.
- Høyringsfråsegn til NVE si innstilling
- Registreringar i Naturbase og Artsdatabanken.

Natur og miljø

Dei største negative miljøinngrepa er dei fire reguleringsmagasina med senking frå 24-36 meter og redusert vassføring i fleire vassdrag. I tillegg vil dei inngrepsfrie naturområda verte redusert med om lag 71 km². Ingen av områda kan reknast som villmarksprega meir enn fem kilometer frå tyngre tekniske inngrep.

Fylkesmannen peikar i sin uttale på at dei aktuelle inngrepsområda ikkje er mykje nytta til friluftsliv, men at konsekvensane likevel blir monalege. Størst verknad på friluftsliv er nye, store inngrep i heilt urørte område. Fylkesmannen i Nordland tilrår under tvil ei utbygging under føresetnad av at det ikkje vert gjeve løyve til å overføre delar av Gjervalvassdraget til Storåvatnet.

Lurøy kommune ønskjer N. Kvannskardvatn tatt ut av utbyggingsprosjektet av omsyn til konsekvensane for Storåga og Kjerringåga. Utbyggingsområdet er i fagrapportane om plante- og dyreliv ikkje peika ut som særleg viktige vekst- og leveområde for fauna og plantar. Inngreps- og influensområdet inneheld sparsam og fattig vegetasjon, og det er ikkje registrert truga dyre- eller planteartar. Området nedstrøms N.

Kvannskardvatn er registrert som verdifull kulturbeitemark. I Naturbase er det registrert tre mindre avgrensa felt omtala som *beiteskog* og *naturbeite* i dette området. Det er ikkje registrert verdifulle artar her. Overføringa av vatn frå N. Kvannskardvatn vil ikkje direkte få følgjer for desse registreringane, men kan redusere den totale

verdien av området. NVE tilrår å oppretthalde noko restvassføring om sumaren gjennom minstevassføring, sjå merknadar til manøvreringsreglementet.

Når det gjeld fisk synar departementet til fråsegn frå fylkesmannen i Nordland der det går fram at, med unntak av N. Kvannskardvatn, vil utbygginga ha marginale verknader for fisk og fiske. Redusert vassføring kan gjere det vanskelegare for anadrom fisk å vandre opp i Sørfjordelva og Olderfjordelva og i nokon grad Kjærringåga. Desse elvane er ikkje rekna å ha eigne stammar av laks, og dette er ikkje eit omsyn av avgjerande betyding. NVE meiner at tilhøvet for fisket truleg vil verte dårlegare etter ei utbygging, særleg ut frå endra tilhøve for flom. NVE finn likevel ikkje at omsynet til fisk og fiske er viktig for konsesjonssaka. Departementet sluttar seg til NVE sine merknader.

Fylkesmannen peikar på at utbygginga vil ha små negative konsekvensar for marine ressursar. Når det gjeld marine tilhøve synar departementet til NVE si innstilling med referansar til fagrapporten, der det går fram at utbyggingane ikkje vil påverke marine tilhøve i særleg grad. Det kan verte noko auke i is på fjorden. NVE tilrår difor dykka utløp frå kraftverka. Departementet finn at dykka utløp kan verte vurdert og teken standpunkt til under detaljplanlegginga.

Det er registrert storlom (*nær trua*) og bergand (*sårbar*) i Vassvatnet nedstraums Kvannskardvatna. Overføring av N. Kvannskardvatn vil redusere tilsiget til Vassvatnet, men dette vil i liten grad redusere kor viktig vatnet er for sårbare fugleartar. Det er òg registrert fossefall i Storåga mellom N. Kvannskardvatn og vassvatnet (artsdatabanken 2006).

Ved Vassvatnet er det òg registrert fjellvåk og i god avstand frå Storåvatnet er det ein eldre kongeørnregistrering. Ingen av desse er rekna som truga. Artane vert ikkje direkte påverka av utbygginga, men kan verte forstyrra i anleggsperioden.

Søraust for Storåvatnet og ved Sendseltinden aust for Smibelgvatn er det nokre eldre registreringar av jerv (*truga*). Ved Sendseltinden er det òg registrert gaupe (*sårbar*). Desse artane vert ikkje direkte påverka av utbygginga, men kan verte forstyrra i anleggsperioden.

Departementet har vurdert inngrepa, slik dei ligg føre i departementet si innstilling, etter naturmangfaldlova § 4 jf. §§ 8-10 og finn ikkje at dei er i strid med dei prinsippa lova bygger på når det gjeld naturleg mangfald og økosystemer.

Oppsummering og samla belastning

Eksisterande og planlagde inngrep

NVE ga konsesjon til Hundåga småkraftverk i desember 2009. Kraftverket vil liggje sør for Stordalstinden i Lurøy kommune, om lag 7 km sørvest for Vassvatnet, og gje om lag 8 GWh i årleg produksjon. I same område om lag 2 km mot nord ga NVE i juli 2011 konsesjon til Stordalselva kraftverk med ein årleg produksjon på om lag 5 GWh.

Det er søkt om konsesjon til to kraftverk i området nord for Vassvatnet; høvesvis Kjerringåga og Heimstadelva kraftverk. Desse sakene er førebels ikkje handsama av NVE.

Om lag 15 km søraust for Smibelgvatn er det vasskraftproduksjon i Fagervollan og Sjona kraftverk. I samband med desse kraftverka er tre større vatn regulert, og nokre mindre nedbørsfelt er overført. I tillegg er det søkt om konsesjon til utvida produksjon i området gjennom bygging av Fagervollan II og III kraftverker. Mellom dette området og området som Smibelg og Storåvatnutbygginga får følgjer for, ligg tre verna vassdrag; Helgåga, Flostrandvassdraget og Gjervalelva.

Nokre kilometer vest for Storåvatnet er det søkt om konsesjon til bygging av Haugvikelva kraftverk på om lag 3 GWh/år. Saka er førebels ikkje handsama av NVE.

NVE gav 25. januar 2012 konsesjon til Gjervalåga kraftverk i Gjervalåga inst i Melfjorden. Kraftverket vil få ein årleg produksjon på om lag 17 GWh. Søknaden omfatta òg ei regulering av øvre og nedre Gjervaltjønn med inntil sju meter, men dette blei tatt ut ved slutthandsaminga. Frå Gjervaltjønn til Austre Sandvikvatn er det om lag 4 kilometer.

På nordsida av Melfjorden er to prosjekt handsama i Samla Plan-samanheng. Det er søkt om fritak frå Samla Plan for Stelåga kraftverk. Saka er under handsaming. Nattmoråga kraftverk fekk fritak i 2004, men departementet er ikkje kjent med at det er konkrete planar om utbygging i vassdraget.

Det er eit mikrokraftverk i Salen ved Konsvikosen. Dette ligg meir enn ein mil unna planområdet for Smibelg og Storåvatn kraftverker.

Ser ein bort frå nokre fritidshus og busetnader i område nær kysten ved vassdraga og ei kraftline langs Gjervalen, er sjølve utbyggingsområdet for Smibelg kraftverk utan vesentlege tekniske inngrep. Det same gjeld utbyggingsområdet for Storåvatn kraftverk. Det går ei kraftline langs Melfjorden, men elles er området prega av få menneskelege inngrep. Avstanden til tekniske inngrep er likevel ikkje så stor at områda er rekna som villmarksprega.

Samla vurdering

Korkje utgreingane eller høyringsfråsegna har avdekka truga artar eller verdifulle naturtypar som vert vesentleg råka av utbygginga. Fiskebestanden i N. Kvannskardvatn og førekomstane av anadrom laksefisk i vassdraga kan verte redusert, men dette er ikkje omsyn av avgjerande vekt. Utbygginga er i område utan monalege tekniske inngrep, samstundes som områda ikkje er rekna som villmarksprega. Regulering av vatna vil gje noko redusert landskapsverdi lokalt, varierande med fyllingsgraden. Men departementet finn at inngrepa ikkje vil endre landskapet i avgjerande grad.

Samla vurdering etter vassdragslovgevinga

Nordland fylkeskommune og Rødøy kommune tilrår at ein gjer løyve til utbyggingane. Lurøy kommune ønskjer ikkje utbygging av den delen av Smibelgprosjektet Lurøy kommune vert råka av.

Olje- og energidepartementet syner til at utbyggingane vi gje om lag 200 GWh årleg regulerbar vasskraft og såleis vere eit monaleg bidrag for utbygging av meir fornybar energi. Utbygginga vil gje inngrep i naturen utan for store verknader på natur og miljø, og vil ikkje råke truga biologisk mangfald. Departementet legg særskild vekt på at konsesjonæren skal ta omsyn til reindrifta ved utbygginga, men dei permanente ulempene for reindrifta meiner departementet vert små.

Etter ei samla vurdering er Olje- og energidepartementet av den oppfatning at fordelane ved utbygging av Smibelg og Storåvatn kraftverk er større enn dei skader og ulemper for allmenne og private interesser i vassdraga slik det går fram av vassdragsreguleringslova § 8. Vurderinga er i samsvar med NVE si tilråding.

Olje- og energidepartementet tilrår at det vert gjeve løyve etter vassdragsreguleringslova for reguleringar og overføringar, løyve etter industrikonsesjonslova for erverv av fallrettar, løyve etter vassressurslova til utbygging av Smibelg og Storåvatn kraftverk og løyve etter oreigningslova til å oreigne naudsynt grunn og rett til utbygging av kraftverka. Departementet tilrår òg at det vert gjeve løyve til å overføre N. Kvannskardvatn til Smibelgvatn ved pumping.

I løyvet etter vassdragsreguleringslova inngår òg løyve etter forureiningslova § 11 og løyve til oreigning av naudsynt grunn og rett for gjennomføring av reguleringar og overføringar etter vassdragsreguleringslova § 16 nr. 1.

Det er søkt om løyve til allmannstemning. SKS Produksjon grunnlegg dette med at reguleringane kan føre til at fiskarar busett rundt fjorden, og som selskapet ikkje er kjend med, kan ha krav på erstatning. Departementet tilrår at det vert nytta allmannstemning for mogleg erstatningsansvar i samband med utbygginga, jf. oreigningslova § 20.

Løyve til førehandstiltreding etter oreigningslova § 25 får utbyggjaren ikkje før det er kravd skjøn dersom det ikkje ligg føre særlege omstende. Departementet kan ikkje sjå at det ligg føre slike særlege omstende i denne saka. Konsesjonæren må søke om slikt løyve på nytt når skjøn er kravd.

Departementet sine merknader til vilkåra

NVE tilrår at det vert gjeve eit felles vilkårssett etter vassdragsreguleringslova og vassressurslova og eit sett med vilkår for erverv av fallrettar etter industrikonsesjonslova. Departementet seier seg samd i dette. Vilråda i dei to setta er i stor grad samanfallande, og vert kommentert i rekkefølgje slik vilkåra går fram av vassdragsreguleringslova/vassressurslova.

Konsesjonstid (post 1)

SKS Produksjon AS vart rekna som offentleg før endringane i industrikonsesjonslova frå september 2008.

Etter departement sitt vedtak dagsett 7. oktober 2010, der Troms Kraftforsyning og Energi AS fekk konsesjon til erverv av 23,7 pst av aksjane i Salten Kraftsamband, har Salten Kraftsamband eit offentleg eigarskap på om lag 95 prosent. SKS produksjon har eit offentleg eigarskap i tråd med krava i industrikonsesjonslova § 2 fyrste ledd.

Departementet finn at vilkåret om offentleg eigarskap, jf. industrikonsesjonslova § 2 fyrste ledd, er oppfylt. Konsesjonen til SKS Produksjon AS vert fastset på uavgrensa tid etter industrikonsesjonslova § 2.

Vilkåra i konsesjonen kan takast opp til revisjon etter 30 år frå konsesjonstidspunktet.

Konsesjonsavgifter og næringsfond (post 2)

NVE har foreslått at satsane for konsesjonsavgifter vert sett til kr 24 pr. naturhestekraft til kommunen og kr 8 pr. naturhestekraft til staten i samsvar med vanleg praksis. Konsesjonæren betalar 5 millionar kroner til et næringsfond til Rødøy kommune.

Departementet tilrår at NVE sitt forslag leggst til grunn slik at konsesjonsavgiftene til kommunen blir kr 24 pr. naturhestekraft og kr 8 til staten pr naturhestekraft, og at utbyggar skal betale kr 5 millionar i næringsfond til Rødøy kommune. Departementet rår som NVE til at Lurøy kommune ikkje får næringsfond.

Godkjenning av planar, landskapsmessige høve, tilsyn osv. (post 7)

Før bygging av anlegga etter konsesjonen kan starte, skal detaljerte planar verte godkjend av NVE. Desse planane skal òg omfatte eit miljøoppfølgingsprogram for både anleggsverksemda og driftsperioden slik NVE føreset i innstillinga.

Departementet tilrår at dykka utlaup vert avklart som ledd i detaljplangodkjenninga i NVE. Ved planlegginga skal konsesjonæren ta omsyn til kulturminnet *R-1 heller* nedstraums Smibelgvatn. Tippen ved Vakkerjordvatn skal konsesjonæren leggje over bakkekammen. Konsesjonæren skal ta omsyn til kulturmiljøet ved nedre Mangåvatn og Mangåga slik Sametinget peikar på, jf. kulturminnevilkåret i post 9.

Ferdsel (post 11)

Reindrifta har kravd at ein veg frå Sørfjordvatnet og opp mot tverrslag nedstraums Smibelgvatn ikkje skal vere open for allmenn ferdsel. Olje- og energidepartementet tilrår at styresmaktene tek opp att om vegen skal haldast stengt for allmenn ferdsel etter at Rødøy kommune har fått høve til å kommentere saka.

Departementet sine merknader til manøvreringsreglementet

NVE har ikkje innstilt på minstevassføring for vassdraga som inngår i Storåvatn kraftverk. I Sleådalen er det berre eit lite delfelt øvst i dalen som blir overført, og om

lag 85 prosent av naturleg vassføring ved utløp i fjorden vil difor vere att i Sleåga. I Oldervikelva vil om lag 50 prosent av vassføringa målt ved sjøen oppretthaldast gjennom restfelt nedstraums reguleringa. I dei andre mindre vassdraga vil òg restfelt i nokon grad bidra til noko vassføring, høvesvis 27 prosent i Komageåga, 35 prosent i Sandviknelva og 60 prosent i Hyttelva; alt målt som rest av naturleg vassføring ved utløp i fjorden. Vassføringa vil vere minst rett nedstraums reguleringane, og auke nedover etter tilsig frå restfelt. I dei fleste områda som er synlege frå fjorden, vil det normalt vere noko vassføring att varierende med dei naturlege tilsigsvariasjonane. NVE finn at slipp av minstevassføring for å sikre ein ytterlegare vassføring i desse vassdraga ikkje står i høve til tap i kraftproduksjonen. Departementet seier seg samd i dette.

Elva mellom Storåvatn og Heimervatn har eit avgrensa restfelt og vil normalt vere tørr eller ha ei særst avgrensa vassføring dersom det ikkje sleppast vatn frå Storåvatn. Nedstraums Heimervatn vil restvassføring bidra til å oppretthalde noko vassføring. Elva frå Storåvatn er eit viktig landskapselement i området rundt Heimervatn, men er ikkje synleg frå fjorden. I dei endra planane for Storåvatn kraftverk er det ikkje opna for heving av vatnet for å redusere ulempene ved utbygginga. Ordningar for å få minstevassføring frå senkingsmagasin er kostbare og vil gje nye inngrep. Ein årleg minstevassføring i storleiken 100 l/s ut frå Storåvatn vil etter NVE sine anslag gje eit årleg krafttap på om lag 4,2 GWh. NVE finn at nytta ved minstevassføring ikkje står i høve til dette tapet. Departementet finn at det rette avbøtande tiltaket i dette området er å seie nei til heving av Storåvatn. Med den føresetnaden finn departementet at kostnadene ved minstevassføring på den relativt korte strekninga mellom Storåvatn og Heimervatn, både i form av krafttap, utbyggingskostnader og naturinngrep er større enn nytta, og finn ikkje grunnlag for eit slikt pålegg.

Når det gjeld Smibelg kraftverk tilrår NVE ei minstevassføring på 100 l/s frå N. Kvannskardvatn i perioden 15. juni til 15. september. Minstevassføringa saman med vassføring frå andre delfelt inneber at Kjerringåga oppretthald ei restvassføring på over 80 prosent ved utløpet i fjorden. Minstevassføringa inneber eit årleg produksjonstap på rundt 1,3 GWh.

Fylkesmannen i Nordland peikar i si høyringsfråsegn på at det bør vere reguleringsavgrensingar for N. Kvannskardvatn i perioden frå isgang til etter gyting på hausten av omsyn til rekruttering og produksjon av fisk i vatnet. NVE tilrår i innstillinga at N. Kvannskardvatn berre skal regulerast innanfor den øvste meteren i minstevassføringsperioden. Departementet peikar på at SKS i kommentarane til høyringsfråsegna uttalar at frå og med midten av juni til vinteren er det øvste meteren av N. Kvannskardvatn som vert nytta, og at SKS vil regulere vatnet innanfor om lag den øvste halvmeteren i summarhalvåret. I lys av SKS si kommentar, og for at reguleringsavgrensinga skal ha verknad for gytetilhøva i vatnet slik fylkesmannen peikar på, finn departementet at perioden for reguleringsavgrensing bør forlengast til ut oktober, jf. prinsippa i naturmangfaldlova §§ 4, 10 og 12 om ein økosystembasert forvaltning som avgrensar inngrepet i naturmangfaldet. I tillegg vil departementet tilrå å forlengje perioden med minstevassføring til ut oktober av omsyn til vassføringa inn i

Vassvatn, og for å oppretthalde vassføringa nedstraums Vassvatn i tørre periodar. Auka produksjonstap blir om lag 1,4 GWh/år.

NVE har ikkje tilrådd å gi løyve til å overføre tre bekkar nedstraums Smibelgvatn til inntakstunnelen som omsøkt. Desse bekkane har til saman ein årleg middelvassføring på 220 l/s som vil sikre noko restvassføring med naturleg variasjon i Forsåga, og ei betre restvassføring i Sørfjordelva ved sjøen. Bekkane representerar eit produksjonspotensial på om lag 7,5 GWh. Departementet synar til at områda nedstraums Smibelgvatn er mykje nytta i friluftssamanheng, og at utbygginga gjer høve til å nytte dei øvste delane til slikt føremål. I dette området er elva eit viktig landskapselement og er viktig for opplevinga av området. Departementet seier seg difor samd med NVE i at det dei tre bekkane ikkje vert overført.

NVE finn ikkje grunnlag for pålegg om minstevassføring i Mangeåga og Vassvikelva. Vassvikelva vil ha ei restvassføring på om lag 16 prosent, medan det i Mangeåga ikkje vil vere vassføring att. Vassdraga er vanskeleg tilgjengelege, og det er ikkje vist til særskilte biologiske kvalitetar som krev vatn. Eventuell minstevassføring i desse vassdraga vil difor primært vere av omsyn til landskapet og sikta frå fjorden. Ei årleg minstevassføring i storleiken 100 l/s vil etter NVE sine anslag, gje eit krafttap på om lag 3,8 GWh pr. vassdrag. Departementet finn at for utbygginga av Smibelg kraftverk er det viktigast å sørgje for vassføring i vassdraga nedstraums N. Kvannskardvatn og Smibelgvatn. Det er desse vassdraga det er knytt flest interesser til for folk flest. Departementet sluttar seg til NVE si innstilling om ikkje å påleggje minstevassføring i Mangeåga og Vassvikelva.

Departementet syner elles til NVE sine merknader til vilkåra og sluttar seg til desse.

Andre merknader

Vurdering etter vassforskrifta

Etter forskrift om rammar for vassforvaltninga § 12 kan ein gjennomføre nye fysiske inngrep i ein vassførekomst sjølv om miljøtilstanden vert svekka dersom ein følgjer dei føresetnadene som framgår av forskrifta.

Departementet finn at ein må sjå skadane på miljøet som følgjer av inngrepa i samanheng med at føremålet med utbygginga er å auke produksjonen av ny fornybar elektrisitet. Dette er eit viktig tiltak for å møte klimatrusselen. Ny regulerbar vasskraft har ein særleg høg verdi i eit energisystem der ein stadig større del av ny fornybar kraftproduksjon er uregulert. Det er ikkje alternativ til vasskrafta som gjer i nærleiken av den same regulerbare krafta. Samfunnsnytta av nye reguleringar er difor stor. Departementet finn at skadar og ulempar på vassdragsmiljøet av utbyggingane er avgrensa, og synar i den samanheng til merknadane ovanfor om skadar og ulempar ved tiltaka.

Avbøtande tiltak som reduserer produksjonen av vasskrafta må departementet vurdere mot den nytta produksjonen inneber. Når det gjeld dei avbøtande tiltaka i

sjølve konsesjonen synar departementet til merknadene ovanfor. Vidare peikar departementet på vilkåra om naturforvaltning i post 8 i utkastet til vilkår til løyve, og den vidare oppfølging av desse vilkåra.

Departementet finn det klart at dei vilkåra vassforskrifta § 12 oppstillar for nye tiltak i vassdrag er oppfylt for utbygginga av Smibelg og Storåvatn kraftverk.